## Lokal quiz-duell mellom Rosendal og Uskedalen

26.07.2011



Kan Nesjarane stå i mot Rosendalslaget?

**Det vert ny quiz på Systrene Nilsen onsdag kveld.
Dersom dei tre beste laga frå sist onsdag møter,
kan vi rekna med at det vert ein hard duell.**



Rosendalslaget slik det stilte sist.

Etter det uskedalen.no kjenner ti vil Rosendalslaget
7NT/GRAND stilla med eit forsterka lag.
I tilegg til Geir Mogren, Hege Toresen og Ørjan Bakke
vil dei toppa laget med Kjartan Toresen.
Kjartan Toresen er ein aktiv forballspelar,
maratonløpar og er allment godt orientert.
Samla utgjer dei eit sterkt lag.
Om det er nok til å slå Nesjarane, er uvisst. Nesarane stiller
ikkje heilt med det same laget som sist, men erklærer at dei
har store ressurssar i bakhand.

Sist skilde berre 3 poeng dei to beste laga.
King Kenny, eit anna solid lag frå Uskedalen, vil
sikkert gjera sitt beste forå koma mellom dei to beste laga.

Vi ser alle fram til eit lokalt oppgjer som truleg vil stå
mellom laget frå Rosendal og eit av laga frå Uskedalen.

Tekst og bilete: Kristian Olav Bringedal